

Kontaktblad for

Nr. 55

Juli 2024

HJARTDAL

HISTORIELAG

---

**Svein Bakkalia æresmedlem  
etter  
framifrå  
innsats  
i 16 år**

Les om års-  
møtet side 10



*Elles i bladet:*

Om digitalisering av film

Prost Lexow - et hundreårsminne

Tankar frå Sauland fredssommaren 1945

Smaksprøve frå årboka 2024

# Digitalisering av smalfilm, VHS mv.



For nokre år sidan skaffa historielaget seg ein maskin som kan overføre gamle 8mm og super8 filmrullar til dagens datafiler. Denne er utprøvd og fungerer fint. Vi ser gjerne at maskinen kjem meir til nytte, så om det er medlemmer som sit med slike filmrullar, er det bryt verdt å sjå om vi kan få noko ut av desse. Sjølv om det

oftast er private opptak, er det mange gonger viktige historiske detaljer som kan komme fram. Ta kontakt på 48237883 eller [skoje@online.no](mailto:skoje@online.no)

Bruken er forholdsvis grei, men det tar tid å overføre filmane. Dette tar sjølvsgart maskinen seg av og går fint utan tilsyn den tida det tar.

Resultatet kjem på eit minnekort, av samme type som digitalkamera bruker. Og overføringa til PC er dermed enkel og kjent for dei fleste. Den tekniske kvaliteten har vist seg å vere heilt tilfredsstillande ut frå den originalkvaliteten vi her må regne med.

Når det gjeld VHS, dei vanlege videokassettane frå 1980-90 talet, ser det ut til at vi også kan digitalisere desse. Vi har erfart at desse taper seg i kvalitet med tida, så om ein har verdfulle opptak som ein vil verne for ettertida, bør desse digitaliserast snarast. Ikkje minst er problemet her at ein ikkje får tak i videospelarar lenger.

Historielaget kan sjølvsgart ikkje ta på seg slikt arbeid for private, om det ikkje er opptak av allmenn interesse, men vi kan gjerne vere "konsulentar" på arbeidsmåte og utstyr om det trengst.

Digitale videopptak på bandkassettar frå ca 2000 og vidare, har vi mindre erfaring med. Men sjølv om dei er digitale, så er band generelt meir utsett enn nyare faste lagringsmedium som ulike harddisktypar.

I alle høve er det i dag lagring på disk enten på eige datautstyr eller i sky som gjeld. Her minner vi også om at bruken er så mykje meir praktisk.



Eit hundreårsminne:

## Prost Lexows nekrolog

*Peter Heiberg Lexow var prest i Hjartdal  
frå 1884 til 1910.*

*For hundre år sidan, 4.august 1924,  
kunne ein lese i "Morgenbladet" som  
siterete frå "Teledølen"*

### In memoriam. Provst Heiberg Lexow

vies vakre mindeord i "Teledølen". Vi  
hitsætter:

Gjennem et langt tidsrum var prost  
Lexows liv og virksomhet knyttet til  
Telemark, idet han fra 1884 til 1911  
var sogneprest i Hjartdal, hvor også  
hans far Carl Andreas Lexow tidlige-  
re hadde været prest. I 1911 tok han  
paa grund av sykelighet avsked og  
flyttet til Drøbak, hvor han senere har  
bodd.

Provst Lexow var en særpræget,  
helstøpt personlighet, som har sat  
dype merker etter sig i den bygd han  
viet størstedelen av sit livs arbeide.  
Hans lyse tro og varme forkynelse  
gjorde det let for ham at vinde me-  
nighetens hengivenhet, og for syke  
og fattige og alle som hadde det ondt  
var han en god og hjelpsom ven — det  
er mange som sender ham en tak-  
nemmelig tanke nu da han er borte.

Paa sin vakre prestegård i Sauland  
utfoldet han en høi grad av gjestfrihet  
mot alle. Bygdens ve og vel laa ham  
varmt paa hjerte. Paa en reise blev  
han slaat av den enestaaende natur-  
skjønhet paa Kovstulheia, og sammen  
med nogen andre dannet han i 1892  
det senere landskjendte Tuddals sana-  
torium deroppe. I 1905 kjøpte han den  
store skogeiendom Tjønaas som han



drev indtil 1915, da den blev erhvervet  
av Hjartdals kommune.

Provst Lexow var en frisindet mand i  
ordets egentlige betydning, og han var  
ikke ræd for at si sin mening, selvom  
den ikke i øieblikket stemte overens  
med andres. Hans seirrike kamp mot  
det uretfærdige skattesystem som i sin  
tid blev praktisert i Telemark tør endnu  
være i frisk erindring.

I sin ungdom var Lexow medlem  
av Brebreins's sangkor Johanniterne,  
og han arbeidet interessert for san-  
gens fremme i Sauland. Han var høi  
frimurer.

Provst Lexow hadde – hvad der  
dengang ikke var saa almindelig – et  
særskilt aapent Øie for pressens magt  
i det godes tjeneste. "Teledølen" har  
fra sin begyndelse og fremover gjen-  
nem aarene mottat en række bidrag  
fra hans haand. En god og sandhets-  
søkende mand er vandret bort med  
provst Heiberg Lexow. .

Velsignelse og fred over hans minde!

# Optimisme i Sauland fredssommaren 1945



I Telen for 28 juni 1945, på førstesida, kan vi lese ei lite innlegg med signaturen A.B. Vi tar nok ikkje mykje feil om vi går ut frå at det er den framleis unge journalisten Andres Blomhaug (1909-1991) frå Sauland som har bidratt her.

Stykket er forma som eit lite korrespondentbrev, på ein måte som var vanleg i aviser den gongen. Her er forfattarens eigne positive betraktingar over situasjonen i bygda i ei tid der glede over freden og framtidsoptimismen lyser både på og mellom linene.

Blomhaug vaks opp ved Omnesfossen med bakgrunn i husmanns- og arbeidarklasse i bygda, og med sine gode evner og skrivetalent kom han til å få ei lang karriere som tilsett i "Telemark Arbeiderblad". I tillegg kjenner mange han som skapar av mange dikt og småstykke oftast med lokalt innhold.

Det er høgsumar og Sauland «Telemarkens perle», er kledd i sin rikaste nasjonalbunad.

Etter at folk som vanleg ynka seg over at all årvochten gjekk tapt grunna den turre våren, så kom regnet som vanleg og det ser nå ut til å verta bra høyavling. Ennå har ingen byrja slåtten: men over komande helg tar sikkert slåmaskinene til med sin kjente sumarsong, mange stader.

Det ser ut til å verta eit bra bærår. Særleg blåbær. Men også tyttebæra synest etter bløminga å døme til å verta mykje av. Folk som kjem frå fjellet fortel også om mykje molteblomst.

Arbeidet på Tuddalsvegen fortsett. Men det er tale om 14 dagers fellesferie frå midten av juli.

Det er ellers starta ein del håndverk verksemder her. Såleis har Halvor Brubakken sett opp verkstad til

reparasjon av syklar m.m. Og Halvor Ødegården har sett i sving verkstad for støying av takstein. Ellers er fleire industrielle tiltak planlagt.

Her er også ein del byggeverksemder så snikkarane har meir enn nok å gjera.

I same høve bør nemnast at Mattis Omnes har utparsellera to tomter kvar på 4-3 dekar av sin eigedom til byggetomter. – Eit godt eksempel til etterfylging.

Nils O. Hytta har også avgjeve to nye byggetomter.

Trass i at badinga så smått har byrja i elva så har tilgjenge til Badstua ved Landsverk skule ikkje minska. Også eldre folk med stivhet og giktsjukdomar møter opp for å sveite ut plagene.

Bygda som etter at dr Utkilen reiste har vore utan læge flagga i går ved fylkeslæge O. Hyttas ankomst.

A.B.

# Ein smokebit frå årboka nr 12 – 2024

... Det blei leita etter sølv fleire stader i Hjartdal. Om det blei funne noko særlig med sølv, er vel usikkert.

Steinar Hovde har skrive noko om sølv i Himing?

For 65-70 år siden ble det fortalt en historie om en mann fra Fossegrenda i Sauland. Han hadde hatt en tømmerdrift i Himing, litt oppe i terrenget, noe som medførte at han måtte «renne» tømmeret ned dit han kunne komme til med hest. Dette måtte nødvendigvis ha vært på snøføre, vinter eller vår.

Da han senere skulle frakte vekk tømmeret, hadde det hogd seg fast en stein i en rot av stokkene som var sendt nedover fjellsida. Da han slo den løs, viste det seg at det var en klump av sølv, kanskje rent sølv, for denne klumpen skulle være mere verdt enn hele tømmerdrifta det året.

Nå kjenner vi til at det var stor fantasi i å kamuflere sølv smuglet vekk fra drifta på Kongsberg på denne tiden, men da var det rart at historien også fortalte at denne karen ble sagt å ha blitt litt rar etter at dette hendte. Han oppsøkte stadig Himing og hogstområdet på leting etter hvor sølvklumpen kunne ha blitt revet løs av tømmerstokken.

Spåkvinnen Sibylla hadde en påstand om at selv om det var mye sølv på Kongsberg, så var det bare kviga, kua var i Himing.

Fylkeskonservator Rikard Berge var i Hjartdal rundt 1910, og han har skrive litt om sølvgruver i Hjartdal:

Paa Gaarden To i Hjertdal var det en Jeterpige som oppe i et Fjeld fik se at der hang nogle hvide Tapper hun slog efter og tog med sig hjem. Da Manden fik se den saa han at det var rent Sølv. Han blev saa vred paa Barnet at hun fik Prygel. Da hun blev større kom hun til at omtale det Fund men da fik Manden sendt Pigen ud af Landet paa sin Bekostning.

---

Utdraget er frå ein stor artikkel om gruver og skjerp i hjartdalsbygdene. I tillegg kan ein mellom anna vente seg stoff frå *Hjartdal gammelteknnisk forening*, livssoga til hjartdalsbiskopen Knut Gislesen med meir.

# Bøker vi ynskjer oss

Gjennom arbeidet med arkiv og boksamling har vi etterkvart god oversikt over kva som finst av lokal litteratur. Og vi har det aller meste i bokhylla. Men nokre tomrom er der.

Under finn du ei liste over titlar vi gjerne skulle hatt. Om medlemer har mulighet til å gje eller selje oss dei aktuelle bøkene, er vi takksame.

Vi bed også alle sjå etter om dei kan sitje med bøker som er lånte frå historielagets samling tidlegare, slik at vi kan få inn desse. Vi veit at nokre av bøkene på lista har vore i skåpet tidlegare.

Ei bok vi saknar er O. J. Ruis biografi om spelemannen Svein Løndal.

Denne er vi også ineressert i å kjøpe om nokon vil gjere ein liten handel.

Elles ynskjer vi oss desse bøkene:

O J Rue:	Svein Løndal	Eige Forlag 1954
O J Rue:	Gloen. Dikt	Buen Kulturverkstad/ Tuddal spelemannslag 1988
Hallgrim Høydal:	Motstandsarbeidet i Notodden-distriktet 1940-1945	
Hallgrim Høydal:	Okkupasjon	Sauherad skole- og naturforlag 1990
Hallgrim Høydal (red)	Notodden-jubileumsskrift	Eige forlag 1988
Hallgrim Høydal:	Kampen om vannet	Eige forlag 2003
Anne H Wagn	Eg vandrar ut, ver med meg, du!	Eige forlag 2002
Knut Buen	Som gofa spølå.	Rupesekken forlag 1983
Knut Buen	Jørgen Tjønnstaul.	Buen Kulturverkstad 1984
Knut Buen	Sitring	Nyrenning 2008
Telemarks avis	Festskrift til Knut Buen.	TA 1998
Birger Thorsen:	I kamp med det frie ord. Notoddens illegale informasjon 1940-1945	Notodden 1994
Ingvar Skobba:	Krigen i Telemark 1940-1945	Varsko Forlag 1996
Svein Vetele Trae:	Frå sverd til Krag-Jørgensen	Notodden Heimevernsområde 1996
Kristofer Visted/Hilmar Stigum	Vår gamle bondekultur 1 og 2	Cappelen 1971
Olav Bø	Norsk folkediktning 1-7	Samlaget 1977
Ragnar Moen	Det var dengang. Et tilbakeblikk på Notodden og bygdene omkring	Telemark trykk 2004
LLH/NFF	Buskerud og Telemark i nær fortid	Samlaget 1983
Kjell C Midtgård	Olaf G Helland og felemakerkunst i Telemark...	Scordatura forlag 2015

Sigrun L Brattekås/	Blomane ropa på meg. Rosemålaren Knut K Hovden	Knut Buen V-T Museum 2013
Statens Vegvesen	Vegminner og veghistorie Telemark	
Guro Nordby	Høgtider i året og livet	
Chr. Gunheim	Gamalt fraa Telemork	E St Nilssens Bokhandel 1915
Telemark Mållag	På tvers - ord og uttrykk frå Telemark	Telemark Mållag 2004
Kari Lønnestad	Telemarksviser	Folkemusikkarkivet i Tel. 2012
Anne S Haugan	Hardingfeleopplæring	Buen kulturverkstad 1990
Ambros Nørstrud	Til topps i Lifjell	Himingen forlag 2007
Wille	Beskrivelse over Sillejords præstegjeld	Gyldendal 1786/1989



# VELKOMMEN TIL HJARTDAL HISTORIELAG!

For nye lesarar og eventuelt nye medlemer repeterer vi her velkomstteksten til Hjartdal historielag som ligg fast på [hjartdalhistorielag.no](http://hjartdalhistorielag.no)

Hjartdal historielag blei oppretta 1989 og arbeider med historie sett frå bygdene Hjartdal, Sauland og Tuddal i Øvre Telemark. Dette er tradisjonelle telemarksbygder som også kan representerre telemarkskultur og norsk innlands bygdekultur i det heile.

Fortida til bygdene har til langt inn i forrige hundreår vore dominert av gardsbruk og skog. Utmarksnæring med stulsdrift som eit særskilt element har vore viktig. I dag er det framleis aktiv stulsdrift i kommunen, men turisme og rekreasjon utgjer nok meir utmarka si rolle i dag.

Litt industri har her vore frå 1890-åra og framover, og særleg Sauland har vore eit senter for handel og administrasjon i tida før byar i nærleiken overtok mykje av slike funksjonar.

Bygdene har mange spor frå jarnalderen, og bygdefolket har nok merka og deltatt i krigar og andre hendingar frå birkebeinartid til andre verdskrigene og vår eiga tid.

Bygdene sine rolle i den tidlege utvandringa til Amerika gjev plass i noregshistoria. Dei fleste norske bygder har si dramatiske utvandringshistorie, men bygdene i Øvre Telemark og Numedal merker seg ut med å vere ute lenge før dei andre, med unntak av nokre Rogalandsbygder der utvandringa var på eit litt anna grunnlag. Utvandringshistoria frå slutten av 1830-talet har vi med rette gitt stor plass i lokalhistoria vår. Det var markeringa av eit utvandrarjubileum i 1989 som gjorde ideen om eit historielag til noko konkret.

Elles vil ein sjå at HHL tøyser historiebegrepet nokså langt. Slik vil det ofte vere naturleg i lokalhistorisk arbeid. Folkeminnestoff, kulturminnevern, slektshistorie mv. hører naturleg med innanfor laget.

Ein kan gjerne bruke stoff frå desse sidene til ikkje-kommersielle formål, men oppgi kilde, og gjer oss merksame på bruken – eller helst – spør først.

# Årsmøtet

## 14.3.2024

Årsmøtet vart halde på Menighetshuset i Sauland tysdag 14.mars 2024, 42 møtte opp.

- 1: Opning: Svein Bakkalia opna møtet og ynskte alle velkomne.
- 2: Godkjenning av innkalling og saksliste. Godkjend.
- 3: Val av møteleiar og referent. Svein Bakkalia blei vald som møteleiar og Torgunn Opsal som referent.
- 4: Årsmelding 2023. Torgunn Opsal las opp årsmeldinga. Godkjend.
- 5: Rekneskap 2023. Torkild H Mosebø la fram og kommentera rekneskapen for 2023.
- 6: Budsjett 2024. Torkild H Mosebø la fram styret sitt forslag til budsjett for 2024. Godkjend.
- 7: Val.  
Svein Bakkalia la fram valkomiteens sitt forslag til nytt styre. Leiaren skal veljast på årsmøtet. Leiari Svein Bakkalia har sagt frå seg attval. Valkomiteen har ikkje kome fram til forslag på ny leiari.  
Forslaget frå valkomiteen:  
Torkild H Mosebø styremedlem gj.v. Sauland  
Audun Solberg styremedlem gj.v. Sauland



Thorbjørn Aamaas styremedlem ny Hjartdal  
Erling Løkamoen styremedlem ny Tuddal  
Aslaug Elisabeth Vaa varamedlem ny Sauland  
Audun Darrud valkomiteen gj.v for 1 år Tuddal  
Gunvor Prestårhushus valkomiteen gj.v. Hjartdal/Notodden.  
Gunvor Prestårhushus revisor gj.v.

Alle er innstilte for 2 år, utanom medlem av valkomiteen, Audun Darrud.  
Styret skal etter vedtekten konstituera seg sjølv.

*5.mars 2024 Audun Darrud Kari Timland Gunvor Prestårhushus*

Valet vart godkjend.

Forslag frå styret i Hjartdal historielag til årsmøtet 2024:  
Leiarspørsmålet.

Paragraf 3 i vedtekten for Hjartdal historielag slår fast at årsmøtet skal velje  
leiar og styremedlemmar. Alle bør veljast for 2 år om gongen.  
Om valkomiteen og årsmøtet ikkje finn ny leiar foreslår styret at årsmøtet  
sluttar seg til følgande forslag:

Kontaktperson for laget: Audun Solberg.

Torkild H. Mosebø innkallar det nye styret til møte seinast 15.april, der styret  
må godkjenne referatet frå årsmøtet og konstituera seg på vanleg måte.  
Årsmøtet pålegg det nye styret å løyse leiarfunksjonane i fellesskap og sam-  
last til styremøte minst 3 gongar i halvåret.  
Det bør vere ei prioritera oppgåve for det nye styret, saman med valkomite-  
en, å finne ein ny leiar så fort som råd.  
Årsmøtet slutta seg til forslaget.

*Sauland 14.mars 2024 Torgunn Opsal ref.*

Torgunn Opsal takka Svein Bakkalia for stor innsats i Hjartdal historielag  
gjennom 16 år, dei 10 siste som leiar. Ho helt fram stort initiativ i arbeidet og  
at han har leia mange ulike prosjekt i laget. Ho framheva personlege ei-  
genskaper som har gjort han til ein god leiar, oppteken av at alle skulle trivast  
med arbeidet, samt evna til å legge merke til og takke alle, som i stort og  
smått, har gjort ein innsats. Ho overrekte blomster, diplom og æresmedlems-  
skap i Hjartdal historielag.

Etterpå blei det servera smørbrød, kaker og kaffi.

Kjell Christian Midtgård som har ein stor artikkel om Kjetil Løndal i årboka  
for 2023, var invitert for å fortelje om sitt møte med Kjetil Løndal og folke-  
musikkmiljøet i Oslo. Han var også innom Tuddal og spelemenn der i bygda,  
mellan anna, Svein Løndal.

Svein Bakkalia takka for eit særskilt interessant foredrag.

# Årbokas framtid

Arbeidet med årbok for 2024 er godt igang, og grovt sett er stoffet for ei ny bok på 144 sider på plass, sjølv om eit stort arbeid står att før boka er klar til trykking.

Nå ser vi at det ikkje lenger er sjølvsgått at vi vil klare å fylle bøker med lokalhistorie heretter. Vi er med andre ord avhengige av at medlemmer og andre set seg ned og skriv artiklar eller tipsar oss om stoff som kan brukast.



Hjartdal historielag  
Årbok 2025...?



## Ny epostadresse

[post@hjartdalhistorielag.no](mailto:post@hjartdalhistorielag.no) er heretter adressa ein skal bruke i all kommunikasjon med Hjartdal historielag. Posten vil da bli mottatt av 1-3 styremedlemmer og vanlegvis svart på – om ikkje på timen.

## Arkiv/samling

Frå første stund har Hjartdal historielag arbeidd med å ta vare på verdifullt kjeldestoff til hjartdalbygdenes historie. Vi har også fått tak i det meste av trykt lokal litteratur. I tillegg har vi skaffa ein del historiebøker frå resten av landet og verda.

Du kan lese meir om arkivarbeidet i kontaktblad 53. Alle blada er å finne på [hjartdalhistorielag.no](http://hjartdalhistorielag.no) under publikasjonar.

Under prosjekt - arkiv på [hjartdalhistorielag.no](http://hjartdalhistorielag.no) finn du ei førebels liste over bøker vi har i samlinga og ein oversikt over arkivboksar der anna innhald er å finne. Filene er i vanleg pdf-format, så du kan søke i fritekst utfrå kva datautstyr du bruker.

# Årsmelding for Hjartdal historielag 2023

Ofte har vi trykt lagets årsmelding i kontaktbladet, men vi brukar ikkje plass på dette i år sidan vi er ute med årbok igjen. I årboka til hausten kjem årsmelding for 2023.

## Kontingent 2024

Som vi har gjort nokre gonger tidlegare, sender vi ut kontaktbladet til alle husstandar i kommunen. Vi ser gjerne at så mange som mulig støttar laget med å betale kontingent. Dette er utan forpliktelsar, og ein mottar gratis årboka. Sjå smakebit frå årets bok side 5.

Medlemskontingensten er 300 kroner. Historielaget vil halde fram med rimelege arrangement og bokutgjevingar.

Vi ser gjerne at de hjelper til med å verve nye medlemmer.

Tenk særleg på familie og kjenningar utanbygds!


## Internett og datahjelp

Vi minner om historielagets facebookside: [facebook.com/hjartdalhistorielag](https://facebook.com/hjartdalhistorielag).

Her kan du finne bilde, arrangementsmeldingar og innlegg av mange slag.

Vi har også vår faste side [hjartdalhistorielag.no](http://hjartdalhistorielag.no), bl.a. med ein god del lesestoff.

Vi veit at ikkje alle er i stand til å finne ut av dette, derfor må ein ikkje vere redd for å spørje venner og kjente om hjelp. Ein kan også kontakte frivillighetsentralen om hjelp til dette.



## HJARTDAL HISTORIELAG

Kontaktperson: Audun Solberg,  
Frølandvegen 284, 3692 Sauland, Tlf.: 90974089  
[post@hjartdalhistorielag.no](mailto:post@hjartdalhistorielag.no)

Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje  
Tlf.: 48237883 [skoje@online.no](mailto:skoje@online.no)  
<http://www.hjartdalhistorielag.no>

Hjartdalbanken 2699 07 04332  
Bladet blir sendt alle medlemmer  
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgi kjelde  
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet